

## **PS 198/18 Frå sams og samling - Om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane - Høyringsfråsegn**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune ber om at Stortinget sitt oppmodingsvedtak i juni 2017 (Innst. 385 S 2016 2017) blir følgt opp. Alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunen, dvs. utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald skal overførast. Alle oppgåver som vert overført må fullfinansierast. Det er forventa at alle oppgåver, med unntak av drift, vert gjort gjeldande frå og med 01.01.2020. Drift vert overført gradvis etter kvart som nye kontraktar vert lyste ut.
2. Overføring av oppgåvene til fylkesvegadministrasjon til fylkeskommunen er i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet: det forvaltningsnivå som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve skal også ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
3. Det regionale folkevalde nivået vil få ein heilskapleg rolle som samfunnsaktør og utviklingsaktør ved å sjå verkemiddel og oppgåver i samanheng med kvarandre. I tillegg vil det regionale folkevalde nivået kunne ta eit meir heilskapleg ansvar ved at verkemidla vert samla i fylkeskommunen.
4. Hordaland fylkeskommune deler ikkje vegdirektøren sine vurderingar i høve drifts- og vedlikehaldskontraktane. Fylkeskommunane må involverast i det vidare arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 01.01.2020. Det må overførast kompetanse og kapasitet til fylkeskommunane for utarbeiding av nytt konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande driftskontraktar vert fasa ut. Kostnadseffektive kontraktar må sikrast gjennom eit samarbeid med SVV og fylkeskommunen
5. Hordaland fylkeskommune deler vurderinga av at det for nokre fagområde vil vere tenleg med nasjonale løysingar. Dette gjeld område med behov for nasjonal samordning og saker som ikkje skal vere ein del av regionalpolitiske vurderingar.
6. Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig at fylkeskommunane sjølv har ansvar for organisering og rekruttering av den kompetanse og kapasitet som er nødvendig for å løyse framtidige utfordringar på fylkesvegane, slik at overføringa kan gje grunnlag for effektiv organisering i tråd med regionale prioriteringar.
7. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at overføring av oppgåver ikkje høyrer inn under reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova. Det er forventa at fylkeskommunane og KS vert involvert fullt ut i ei eventuell vurdering om ei mogleg overføringslov for overgang av tilsette. Ein eventuell overføringslov må tilfredsstillе to behov:
  - a. Ivareta fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse
  - b. Sikre at overtalige arbeidstakarar frå Statens vegvesen får arbeid.Lova bør ikkje innehalde forpliktingar som medfører at fylkeskommunen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.
8. Hordaland fylkeskommune ser det som særskild viktig at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgåveoverføringa. Vi ber regjeringa om å gjere nye utrekningar av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnader og omstillingskostnadane. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.
9. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at det vert eit samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane knytt til det vidare arbeidet med overføring av oppgåvene.